



Landslaget for Lokalaviser

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

Gjeld:

”Høring – Endring av forskrift om produksjonstilskudd til dagsaviser, dispensasjon fra utbytteforbudet.”

## HØYRINGSNOTAT FRÅ LANDSLAGET FOR LOKALAVISER

Landslaget for Lokalaviser (LLA) viser til brev av 1. desember 2003 frå Kultur- og kirkedepartementet (KKD) med invitasjon til høyringsuttale om ovannemnde sak.

KKD foreslår å endra § 4 i forskrift om produksjonstilskot til dagsaviser slik at det er for aviser som mottar tilskot vert gitt høve til å søkja om dispensasjon frå forbodet mot å betala utbytte til aksjonærane. Fritak frå forbodet blir i forslaget avgrensa til aviser som kan dokumentera behov for å få tilført ny kapital, kan berre gis for aksjar som blir teikna for ny kapital i avisa og for ein tidsavgrensa periode.

Bakgrunnen for forslaget er at forbodet mot å kunna utbetala utbytte kan virka som eit hinder for tilgang på ny aksjekapital (risikokapital) for aviser med økonomiske problem og/eller svak egenkapital.

LLA ser forslaget om å lempe på utbytteforbudet som eit lite steg i rett retning, men avgrensingane er for strenge til å kunna fungera effektivt.

LLA vil visa til Dagspresseutvalet som i NOU 2000: 15 *Pressepolitikk ved et tusenårsskifte* mellom anna sa dette om utbytteforbudet:

*”Etter gjeldende ordning kan ikke en avis ha betalt utbytte til aksjonærene i tilskuddsåret. Denne bestemmelsen gjør det vanskelig for aviser som mottar produksjonsstøtte, å skaffe seg ny egenkapital. Derimot kan avisene betale renter på lånt kapital. Aviser som nyter godt av momsfrirket, har ingen slik begrensning. Utvalget foreslår derfor at denne bestemmelsen opphører.” (7.6.1)*

LLA sluttar seg til vurderingane og forslaget frå Dagspresseutvalget og dermed også omtalen KKD har av problemstillinga.

LLA meiner at utbytteforbudet må sjåast i samanheng overordna mål om ytringsfridom og ønskje om eit mangfald av media og eit mangfald på eigarsida.

LLA vil spesielt peika på vanskane det er for små, uavhengige lokalaviser å skaffa risikokapital med dagens utbytereclar. Utan eit langsiktig, generelt høve til eit visst utbytte, minst tilsvarende normal avkastning for pengeplassering i bank, er det vanskeleg å få tilført ny og for mange sårt tiltrengt risikokapital, sjølv frå potensielle idealistiske eigarar.

LLA vurderer det difor slik at utbytteforbudet er ei av årsakene til av mange små lokalaviser har svak egenkapital. For mange kan mangel på økonomiske reservar vera til hinder for utvikling av avisproduktet og i enkelte tilfelle setja avisas eksistens i fare. Utbytteforbudet er og slik til ei viss grad eit hinder for tilgangen på risikokapital til å starta uavhengige lokalaviser.



Landslaget for Lokalaviser

Side 2 - HØYRINGSNOTAT FRÅ LANDSLAGET FOR LOKALAVISER

LLA vil få nemna at gjennom økonomisk samarbeid på mange område, og synergieffektar, vil problemstillinga vera noko annleis der mediekonsern er eigar av små lokalaviser. Ein ser difor at små lokalaviser som har trong for risikokapital i mange høve blir selde til konsern. Det kan vera einaste redninga for mange aviser med dagens utbyteforbod, men med ei generell oppheving av utbyteforbodet ville det truleg vore lettare å reisa lokal risikokapital. Dette gjeld og ved etablering av nye lokalaviser.

LLA er samd i at ei dispensasjonsordning ikkje må skada legitimiteten til ordninga med produksjonstilskot.

LLA kan imidlertid ikkje sjå at den foreslåtte dispensasjonen vil medverka til å løysa problemet med risikokapital, til det er krava i forslaget altfor strengt utforma.

LLA vil derfor foreslå at det blir gitt generelt høve til å betala utbyte ved at kravet i § 4, femte lekk, i forskriftene som forbyr aviser som mottar produksjonstilskot å betale utbyte til selskapets aksjonærar, blir fjerna.

LLA ser at det er behov for å hindre at legitimiteten til produksjonstilskotsordninga blir svekka, og foreslår derfor at det i forskriftene blir innført avgrensingar i omfanget av utbyte aksjonærane kan ta ut. Vi er opne til å drøfta korleis dette kan gjerast i praksis, men kan tenkja oss følgjande vilkår:

1. Aviser som betaler utbyte pliktar å setja av tilsvarande beløp som blir betalt ut som utbyte for året til avisas eigenkapital.
2. Utbyte som blir betalt ut kan over ein femårsperiode i gjennomsnitt ikkje overstiga tre gonger KPI).

Oslo 5. mars 2004

Landslaget for Lokalaviser

Rune Hetland (s)  
generalsekretær